

Olje – og energidepartementet

Kopi: Fjaler kommune

### **Uttale til forslag til nasjonal ramme for vindkraft i Fjaler kommune**

Guddal ligg i Fjaler kommune, som NVE har peika ut som eigna for vindkraft i forslag til nasjonal ramme for vindkraft. Gardbrukarane i Guddal har ikkje andre alternative beiteområde, enn dei som NVE har peika ut som eigna for vindkraft. Vi meiner difor det må vere ein feil at desse områda er peika ut til vindkraft.

Beiteområda i Guddal har gode beiteressursar, som gjev høge lammevekter og lite tap av husdyr på utmarksbeite. Utmarksbeita våre, dvs. skogsbeite og fjellbeite, er i kupert terreng. Områda er difor ikkje eigna for vindkraft. Vindkraftanlegg i våre kuperte areal, vil innebere store terrenginngrep som vegar, skjeringar og fyllingar. Dette vil øydelegge beiteområda. Lettare tilkomst i form av vegar, vil ikkje kompensera for øydelagde beiteareal. Tilgang på gode beiter er avgjerande for at vi skal kunne drive landbruksproduksjon med husdyr også i framtida. Landbruksdrift er også viktig for næring og busetjing i bygda vår. Vi krev difor at Guddal og Fjaler kommune, vert tatt ut av forslag til nasjonal ramme for vindkraft.

  
Foreningen Guddal beitelag

Styret